

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Jostedalsbreen nasjonalparksenter i Oppstryn
Dato: 12.12.2014
Tidspunkt: 10:00

Velkommen til Oppstryn til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt siste møte i 2014. Vi starter med enkel servering utandørs kl. 10:00. Der vert vi samtidig gjeve ein orientering om senteret. Hugs å ta med varme klede til dette. Sjølve møtet begynner 10:30 inne i senteret. Kl. 13:00 tar vi ein pause frå møtet for å ete lunsj. På menyen står juletallerken.

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar Christian på tlf. 47 63 91 65.

Karen Marie Hjelmeseter har ikkje avklart om ho kjem, og Einar Målsnes og Olve Grotle har meldt forfall. Vararepresentantane deira kan heller ikkje stille. Andre vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Vel møtt!

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv- saksnr |
|---------------------------|---|--------------|--------------------------|
| ST 21/14 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 22/14 | Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll | | |
| ST 23/14 | Orienteringar | | |
| ST 24/14 | Tiltaksplan for 2015 | | 2014/4520 |
| ST 25/14 | Bestillingsdialogen for 2015 (A og B-skjema) | | 2014/4510 |

ST 21/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 22/14 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll

ST 23/14 Orienteringar:

- Presentasjon av SNO si årsrapport for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Gjennomgang av referat frå møte i fagleg rådgjevande utval i 2014
- Status for forvaltningsplanarbeidet
- Presentasjon av rapport frå Utmarksressurs, «Kartlegging av kulturminne og landbruks- og turismerelatert næring inne i, og i randsona av Jostedalsbreen nasjonalpark»
- Nytt elektronisk system for innlevering av reiserekningar og honorarskjema
- Søknad om oppføring av sikringsbu ved Skålatårnet
- Førespurnad om nasjonalparkstyret kan engasjere seg i ivaretakinga av sel på Erdalsetra
- Nye studentoppgåver om innfallsportar ferdige
- Anna

Arkivsaksnr: 2014/4520-0

Saksbehandlar: Christian E. Pettersen

Dato: 09.12.2014

| Utval | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|-------------------|-----------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 24/14 | 12.12.2014 |

Tiltaksplan for 2015

Innstilling frå forvaltaren

Saka vert lagt fram utan innstilling, men med eit utkast til diskusjon.

Saksopplysningar

Nasjonalparkforvaltar har sendt invitasjon til innspel på tiltaksplanen til Administrativt kontaktutval, Fagleg rådgjevande utval (sjå også referatsak), og har hatt saka liggjande på heimesida til nasjonalparkstyret i om lag tre vekers tid.

Dei enkelte postane på skjemaet vert presentert på styremøtet.

Vurdering

Sjå excel-skjema på neste side. Kolonne 4 (prioritet) er berre eit utgangspunkt for diskusjon. Det er også plass til fleire tiltak, eller høve til å utsette tiltak til året 2016 eller seinare.

| TILTAKSPLAN FOR JOSTEDALSMBREEN NASJONALPARK 2014-2017 | | | | Sist endret: 9.12.2014 | | | | | | |
|--|---------------------------|---|-----------|---|---|---|--------------------------------------|-----------------------|------------------------|---|
| Verneområdenavn + naturbase-id | Tiltakskategori | Kort beskrivelse av tiltak | Prioritet | Finansiering | Samarbeids-aktører | Hvem gjennomfører tiltaket? | Gjennomføringsperiode (2014-2017) | Intervall (eventuelt) | Kostnads-overslag (kr) | Merknad/kommentar |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Informasjon | Skilting for å informere om farane ved breane | 1 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | SNO | Nasjonalparkforvaltar /SNO | 2015 | | 30 000 | |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Slutføre stiutbetring i Oldeskaret | 2 | SNO- bestillingsdialog | Grunneigarar/DNT/ SNO/forvaltar/ reiseliv | Entreprenør | 2014: kr 400 000 2015: kr 280 000 | | 280 000 | |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Slutføre stiutbetring i Lundeskaret | 3 | SNO- bestillingsdialog | Grunneigarar/DNT/ SNO/forvaltar/ reiseliv | Entreprenør | 2014: kr 500 000 2015: kr 180 000 | | 180 000 | |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Informasjon | Barnas naturoppsyn | 4 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | SNO | Nasjonalparkforvaltar /SNO | 2015 | | 10 000 | Undervisningsopplegg i samarbeid med SNO og verneområdeforvaltarar for Jotunheimen og Breheimen |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Kartlegging og overvåking | Prosjekt for å leite etter spor/ gjenstandar som smelter fram frå brear og isfonner | 5 | SNO- bestillingsdialog/ Styret/Universitetet i Bergen | Universitetet i Bergen/SNO/Sogn og Fjordane fylkeskommune | Universitetet i Bergen/SNO/Sogn og Fjordane fylkeskommune | 2015 | | 60 000 | Sjå presentasjon frå møte i fagleg rådgjevande utval 2014 (primært dei siste fire-fem lysarka) |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Vedlikehold | Uthenting av bos frå gammal ekspedisjonleir, Røykjedalsbandet | 6 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | Norsk Bremuseum/SNO/ Nottingham University Mountaineering Club | SNO/Nottingham University Mountaineering Club | 2015 | | 20 000 | Ein gjeng frå Nottingham University Mountaineering Club kartla og sorterte noko av boset i sommar |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Skjøtsel av vegetasjon | Rydde kulturlandskapet på Selflata og nordover ved Sunndalsetra | 7 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | Sunndalssetra grunneigarlag | Sunndalssetra grunneigarlag | 2014: kr 15 000 2015: kr 15 000 | | 15 000 | Midlar til å fortsette, ev. fullføre ryddinga av kulturlandskapet ved Sunndalssetra |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Uttak av fremmede arter | Fjerne gran i Sunndalen | 8 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | Grunneigarar/ bygdelag/SNO | Grunneigarar/ bygdelag/SNO | 2014: kr 30 000 2015: kr 30 000 | | 30 000 | Midlar til fortsette, ev. fullføre granfjerninga i Sunndalen |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Skjøtsel av vegetasjon | Rydding av beitemark og stiar i Erdalen | 9 | SNO- bestillingsdialog/ Styret | Erdalen Beitelag | Erdalen Beitelag | 2015 | | 12 500 | |

| | | | | | | | | | |
|-----------------------------|-----------------|---|----|---|---------------------------------------|-----------------------------------|--------------------------------------|---------|---|
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Vedlikehold | Kvannebakkbua | 10 | Styret/Røde Kors | Jølster Røde Kors | Jølster Røde Kors | 2013: kr 27 000 2015: kr 10 000 | 10 000 | Viktig utbetring for å ivareta funksjon som nødbu. Tiltaket er søknadspliktig jf. verneforskrifta |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Oppføring av utedo ved Haugafjellstølen | 11 | Grunneigar/ grunneigarlag/styret | Grunneigar/ grunneigarlag | Grunneigar/ grunneigarlag | 2015 | 10 000 | Stølen ligg langs mykje brukt tursti |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Utbetring stien til Steinmannen | 12 | SNO-bestillingsdialog | Grunneigarar/SNO/ forvaltar/Røde Kors | Entreprenør | 2015 | 300 000 | Sjå rapport for restaurering av gamle ferdselsveger |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | To bruer i Langedalen | 13 | SNO-bestillingsdialog/ Styret | DNT/SNO | Grunneigarar/ entreprenør | 2015 | 30 000 | Tiltaket er søknadspliktig jf. verneforskrifta |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Vedlikehold | Trekanthytta på Steinmannen | 14 | Styret/Røde Kors | Hafslo Røde Kors | Hafslo Røde Kors | 2013: kr 50 000 2015: kr 50 000 | 50 000 | Tiltaket er søknadspliktig jf. verneforskrifta |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Vedlikehold | Vedlikehold av traktorveg og sti i Erdalen | 15 | SNO-bestillingsdialog/ Styret | Setrevegen i Erdal | Setrevegen i Erdal | 2015 | 28 000 | Grusing av traktorveg, rydding av vegetasjon langs traktorveg og sti, drenering av vatn ved sti |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Oppføring av sikringsbu ved Skålatårnet | 16 | Bergen og Hordaland Turlag/styret/andre | Bergen og Hordaland Turlag | Bergen og Hordaland Turlag | 2015: kr 200 000 2016: kr 200 000 | 400 000 | |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Tilrettelegging | Asfaltering av veg til Bødalsetra | 17 | Bødal sameige/styret | Bødal sameige | Bødal sameige | 2015 | 300 000 | Asfaltering frå Tverrelva og opp, samt anlegging av møteplassar |
| Jostedalsbreen nasjonalpark | Informasjon | Rasteplass og informasjon ved nasjonalpark-senteret på Fosnes | 18 | Nasjonalparksenter et/SNO/Styret | Jostedalsbreen nasjonalparksenter | Jostedalsbreen nasjonalparksenter | 2014 | 675 000 | Jostedalsbreen nasjonalparksenter har utarbeida detaljert prosjektskildring med kostnadsoverlag |

Arkivsaksnr: 2014/4510-0

Saksbehandlar: Christian E. Pettersen

Dato: 08.12.2014

| | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|-------------------|-----------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 25/14 | 12.12.2014 |

Bestillingsdialogen for 2015 (A og B-skjema)

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtar vedlagte A og B-skjema med prioriteringar for bestillingsdialogen for 2015.

Saksopplysningar

Bestillingsdialogen er ein formalisert prosess mellom forvaltningsstyresmakt og SNO lokalt for å sikre god dialog og forutsigbarhet med tanke på prioritering av oppsynsinnsats og gjennomføring av tiltak i felt. Bestillingsmøtet er ein arena for rapportering frå SNO lokalt, drøfting av status, utfordringar og tiltaksbehov.

For Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vert bestillingsdialogen gjennomført mellom nasjonalparkstyret og SNO lokalt ved Anne Rudsengen.

Vurdering

Vedlagt ligg eit framlegg til bestillingsdialog for 2015. Utkastet er utarbeida av Anne Rudsengen og forvaltar. Tiltaksplanen for 2014-2017 og framlegget til bestillingsdialog vil vere utgangspunktet for dialogen mellom nasjonalparkstyret og SNO. A-skjemaet inneheld forvaltaren sitt framlegg til prioriteringar innanfor SNO sine kjerneoppgåver. B-skjemaet inneheld forslag til feltoppgåver i verneområdet som ligg utanfor SNO sine faste kjerneoppgåver. Dette kan være tiltak som krev tiltaksmidlar eller tidsressursar frå SNO. Tiltaksplanen og B-skjemaet vil vere styrande for kva tiltak som vert satt i gong i 2015. Forvaltaren ber nasjonalparkstyret om å prioritere aktuelle tiltak. Nasjonalparkstyret kan også leggje inn nye tiltak for prioritering inn i skjemaet, eller

fjerne tiltak styret meiner ikkje bør prioriterast. Nasjonalparkstyret kan også komme med innspel til SNO sine prioriteringar innanfor SNO sine kjerneoppgåver.

A-skjema

Skjema A - Innspill og forventinger fra FM/områdestyrer til SNO på SNO's kjerneoppgaver

| Prioritet (kategori 1/2/3) | Tema | Oppgave/merknader |
|-------------------------------|---------------|--|
| 1 | Oppsyn | Halde oppsyn med at verneforskrifta vert halde i Jostedalsbreen nasjonalpark. |
| 2 | Oppsyn | Halde oversikt over truga og framande artar i verneområdet. |
| 1 | Kontroll | Sjå til at styrevedtak vert overhalde i dispensasjonssaker og halde generell kontroll med motorferdsel i nasjonalparken. |
| 2 | Grensemerking | Sjå til at innfallsportar har grensemerke og at gamle skilt vert bytta ut. |
| 1 | Vegleing | Vere til stades ved viktige arrangement og møte folk der dei ferdast. |
| 2 | Erfaring | Følgje opp nasjonalparkstyret, vere tilstades med erfaring og kompetanse på styremøte når det trengs. |

B-skjema

| Skjema B - Bestillinger fra forvaltningsmyndighet på SNO personalressurser utover SNO's kjerneoppgaver | | | | |
|--|--|---|--|-------------------------------|
| År: 2015 | | | | |
| Bestiller: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre v/ Christian E. Pettersen | | | | |
| Prioritet (kategori 1/2/3) | Beskrivelse av oppdraget | Metodebeskrivelse evt henvisning | Rapportering - beskriv krav til rapportformat, lagringssted for rapporter, egenskapsdata etc | Rapporteringsfrist |
| 1 | Registrering og bilete av faste installasjoner, t.d bruer, løveskilt, infotavler, etc. | Foto, gps | Verneområdeloggen | Fortløpande |
| 1 | Oppfølging og registrering av vegetasjon og slitasje, Skålastien. | Spesielt viktig før og etter Skåla Opp. Oppfølging av vilkåra i løyvet til arrangementet. | Rapport og bilete | Etter løpet og etter sesongen |
| 1 | Oppfølging av restaureringsprosjektet til Lundeskaret og Oldeskaret | | Eigen delrapport til årsrapporten | Før jul |
| 3 | Registrere ferdsle på Skåla, i Brenndalen, i Austerdalen, Oldeskaret og Lundeskaret. | Ferdsleteljar | Verneområdelogg eller årsrapport | Etter barmarksesongen |
| 1 | Gjennomføre informasjonstiltak framføre aktuelle brearmar i samarbeid med andre aktører. | | Fortløpande dialog med forvaltar | Før turistsesongen |
| 3 | Kartlegge førekomst av mnemosynesommer-fugl, rovfugl, andre raudlista artar, samt svartelisteartar. | Generelt ute på synfaring | Verneområdeloggen, artsobs, forvaltar | Fortløpande |
| 2 | Bidra i prosessen med revideringa av forvaltningsplanen | | | |
| 2 | Bidra til prosjekt med infoskilt rundt nasjonalparken samt utføre reparasjon og vedlikehald der det trengs | Oppsetting av tavle, utbytting av øydelagde skilt m.m. | Fortløpande dialog med forvaltar | |
| 3 | Fjerne søppel frå gammal ekspedisjonsleir ved Røykjedalsbandet | | Årsrapport | I løpet av barmarksesongen |
| 1 | Delta i prosjekt om kartlegging og innsamling av funn frå smeltande brear og isfonner | | Rapport og bilete | Før jul |
| 3 | Samle opplysninger om gamle stier/ferdselsveier | Ikkje klarlagt enno | Ikkje klarlagt enno | Før jul |
| 3 | Følgje opp tiltak i tiltaksplanen så langt det lar seg gjere | | Fortløpande dialog med forvaltar | Fortløpande |